

Innspel til modell-utkast til redesign av lektorutdanninga ved UiB #11

AVSENDAR

Me vil gjerne vite om du sender svar som enkeltperson(ar) eller på vegne av eit miljø /eining / organ / utval.

Type avsender	Enkeltperson(ar)
---------------	------------------

Enkeltperson(ar) - Kva kategori tilhører du: administrativ tilsett

E-post:

- for å sende dykk ei stadfesting og resyme av innspela dykkar
- vil ikkje vere synleg i bearbeiding av innspela

HØYRINGSSPØRSMÅL

Her kan du svare på dei spørsmåla du ynskjer å kommentere på.

Me bed om at innspela følgjer spørsmåla i kap. 4 i rapporten.

Høyringsspørsmål 1:

Prosjektgruppa foreslår ei endring frå fem til fire praksisperiodar. Praksisperiodane skal fordelast mellom 1., 3., 5. og 8. semester, med langpraksis i dei to siste periodane. I tillegg blir det føreslått kampusbaserte praksisperiodar på til saman 10 dagar.

1) I kva grad vil dei ulike utkasta til modell for lektorutdanninga bidra til å nå det overordna målet for redesignprosessen?

I dag ligg hhvis 49 dagar praksis i 7. semester og 30 dagar i 8. semester. Dette passer veldig bra med tanke på å unngå kollisjon og tap av undervisning i disciplinemna. Det vil vere ein fordel å halde på å ha største delen av praksis dei to semestra for kjemi sin del.

I høve til planane om 10 dagar kortpraksis i 1. og 3. semester når det gjeld kjemiemna:

1. semester (KJEM110). Studenten har 1 labdag ca annankvar veke. Veka utan lab kan nyttast til praksis (då skal studenten skrive lab-rapport). Det som best let seg planlegge er då å legge praksis til vekene utan lab-kurs.

Teoriundervisninga blir alltid gjort opptak av i dette emnet, så studentar i praksis vil kunne sjå forelesningane i evt praksisveke i opptak når det passar den enkelte.

3. semester (KJEM124). Labemne der studenten har fast lab-dag kvar veke i 10 veker. Eventuell praksis som hindrar studenten i å delta på ein slik dag, vil gjere at studenten kan avtale å ta labøvinga seinare, etter avtale med labkursansvarleg, som også vil organisere utsatt lab for studentar som av andre årsaker ikkje kan delta på enkeltdagane (studentar som må utebli enten av uplanlagte eller planlagte, legitime årsaker - alt frå sjukdom til olympiatoppen).

Praksis i både 1. og 3. semester let seg gjennomføre med 10 praksisdagar fordelt på dei to semestra. Både i form av enkeltdagar og som fleire (slik det er per i dag med 7 dagar).

Høyringsspørsmål 2:

Prosjektgruppa foreslår ei endring frå fem til fire praksisperiodar. Praksisperiodane skal fordelast mellom 1., 3., 5. og 8. semester, med langpraksis i dei to siste periodane. I tillegg blir det føreslått kampusbaserte praksisperiodar på til saman 10 dagar.

2) I kva vil denne fordelinga av praksisdagar kunne gi eit betre innpassering av praksis?

Sjå svaret i spørsmål 1, vil tru det dekkar også dette spørsmålet.

Høyringsspørsmål 3-4:

Prosjektgruppa føreslår at fagdidaktikk og pedagogikk held fram som eigne emne, og at dei blir fordelt på følgjande måte: sjå rapport, kap 4, s. 38.

3) I kva grad vil framlegg til fordeling av profesjonsemne (pedagogikk og fagdidaktikk) bidra til å styrke samanhengen mellom fagdidaktikk, pedagogikk, praksis og disiplinfag?

Dette vil didaktikaren kunne svare meir konkret på, men eg har inntrykk av at det fungerer veldig fint med fagdidaktikk og pedagogikk som eigne emne.

4) Korleis stiller fagmiljøa ved HF og SV seg til å ha ei tilsvarende fordeling av profesjonsemne/lektortilpassa emne som ved MN?

Eg er knytta til MN-fakultetet.

Høyringsspørsmål 5-8:

Prosjektgruppa kjem med ulike modellar for fordeling av disiplinfag i studieløpet. Vi ber om synspunkt på fordelinga av disiplinfagemne i studieløpet.

5) Korleis kan dei ulike utkasta til fordeling av disiplinfagemne i studieløpet bidra til å nå dei overordna måla med redesignprosessen?

Dette bør didaktikaren ved Kjemisk institutt uttale seg om på våre vegner.

Høyringsspørsmål 9:

Fleirtalet i prosjektgruppa føreslår å flytte ex.phil. til femte semester (frå 6. semester for MN og frå 1. semester for HF/SV). Eit element i framlegget er at ex.phil. på denne måte blir organisatorisk tilrettelagt for lektorstudentar, og at femte semester dermed kan gjennomførast utan kollisjonar mellom undervisning og praksis.

9) Kva er fordelane og ulempene ved å plassere ex.phil. i femte semester for lektorutdanninga, ut frå modellutkasta?

Med exphil i 5. semester reknar eg med didaktikk- og pedagogikkemna blir flytta evt til 6. semester (der exphil ligg i dag når det gjeld kjemi) og det betyr berre at emnet må kollisjonssikrast mot andre emne (KJEM124 og evt MOL100). Det er vanskeleg å seie om det gir spesielle fordelar eller ulepper, kollisjonssikrast må emna uansett.

14) I kva grad vil disiplinfaglege innføringsemne gi nødvendige forkunnskapar for å gjennomføre lektorutdanninga?

KJEM110 er ein forutsetning for å ta kjemi som undervisningsemne. Det er forkunnskapskrav for dei fleste andre kjemiemne som ligg i graden.

Høyringsspørsmål 16-18:

I dag skriv lektorstudentane ei masteroppgåve på 30 studiepoeng ved MN, medan dei skriv masteroppgåve på 60 studiepoeng på HF/SV.

16) Kor stort omfang bør masteroppgåva ha?

Det står lektorstudentane heilt fritt for kjemi sin del om dei tek 30 eller 60 studiepoengs masteroppgåve. Alle som søker om å ta 60 stp oppgåve, får innvilga dette. Begge størrelsane gir studentane erfaring med å skrive forskingsoppgåve.

17) Korleis kan behovet for brei innføring i metode, teori og prosjektutvikling bli teken vare på med ei masteroppgåve på 60 studiepoeng?

Valemna studenten set opp i lag med sin rettleiar vil dekke behovet.

18) Bør omfanget av masteroppgåva gjerast valfri for studentane? Korleis kan ein eventuell valfridom handterast?

For kjemi sin del kan omfanget gjerne vere valfritt. Alle som ønskjer å ta ei masteroppgåve på 60 studiepoeng får tilbod om det.

Høyringsspørsmål 19:

Studentane skal ha moglegheit for å reise på utveksling i utlandet i løpet av studieperioden.

19) I kva for semester vil det vere best å leggje til rette for at studentane kan reise på utveksling, ut frå dei ulike modellutkasta?

I dag er 6. semester anbefalt og det ser ut til å fungere greit. Ellers vil jo anbefalt semester heilt komme an på korleis emna blir plassert i utdanningsplanen, så den må nesten foreligge før man kan uttale seg konkret.